

Ottar Grepstad

Grunnlovsmakta i språket

Ved Ivar Aasen-statuen i Ørsta 26. juni 2014

Hadde Ivar Aasen makt? Visst hadde han makt. I meir enn 170 år har nordmenn diskutert det han sette i gang i 1842, språkforskarar verda rundt hentar fram sin faglege respekt når namnet hans blir nemnt, og mange hundre tusen bruker dagleg det språket han fann og forma til skrift. Det er makt i dei falda hendene, seier kyrkjefolk. Det er sanneleg mogleg å skrive seg til makt også – det var det Ivar Aasen gjorde, han som aldri tok ordet i ei offentleg forsamling.

Også festspeldiktaren Agnes Ravatn har skrive seg til makt. Det er originalen som gjeld; kopiane blir lagde til sides, kasta, gløynde. Sju år etter den litterære debuten, og i det litterære livet er det kort tid, er Ravatn blitt viktig for mange gjennom sin tenkjemåte og sin skrivemåte. Ein heil skriftkultur med sine institusjonar og skriftstader var utvikla og stod til rådvelde då ho opna forfattarskapen sin med fem ord som kan lesast på fire måtar: Ein gong hadde eg ambisjonar.

Ivar Aasen hadde ambisjonar livet ut. For han var Grunnlova den grunnteksten som mennene på Eidsvoll nok ville den skulle bli – ein politisk tekst for demokrati. I alle dei viktige tekstane hans om den språklege framtida i Noreg ligg Grunnlova mellom linjene, med stor rekkjevidd. Med stille tyngd skreiv han at dei rettane den nye konstitusjonen gav folk flest, også måtte gjelde det språklege. Han viste til lova, brukte lova som argument og skreiv tankane derifrå inn i orda sine. Slik praktiserte Ivar Aasen dei ideologiske normene for den nye norske staten lenge før desse var blitt sjølvsagde, allmenne, utvatna.

I meir enn førti år kunne han lese venleg kritikk, skarp kritikk, vulgær kritikk av det han hadde utløynt. Filosofar, meiningsdommarar, diktarhøvdingar – dei tok alle til orde mot det Ivar Aasen ville oppnå. Ikkje så rart all den tid han ville fråkjenne makthavarane det språket dei hadde brukt i mange hundre år. Det var berre to ting motstandarane ikkje sa. Aldri kritiserte dei han som person så lenge han levde. Og ikkje kritiserte dei han for måten han brukte Grunnlova på i argumentasjonen sin.

Han var si eiga tankesmie og viste kva definisjonsmakt handlar om. Eg trur Ivar Aasen tidleg forstod kva Grunnlova kunne brukast til og korleis han kunne bruke det lovfesta folkestyret. Først i alders år, 71 år gamal, fekk han røysterett. Den brukte han aldri. I alle dei år hadde han brukt ein annan røysterett, den som var allmenn, den makta i språket som Grunnlova opna for og som han forstod verdien av. Det er slikt det blir samfunnsendingar av.

Historikaren Jostein Nerbøvik var ein som såg dette. Han skildra det med overtyding gjennom nemninga «myndige møringar». Å kunne vere ein myndig borgar, det er det makta i språket handlar om.

Nerbøvik var berre 16 år gamal då han stod her i folkehopen søndag 9. august 1953 for å sjå Ivar Aasen-statuen av Dyre Vaa bli avduka. Orda frå talarstolen gjorde slikt inntrykk at han hugsa dei godt mange tiår seinare. Han såg Arthur Klæbo stå her med mikrofon på direkten for NRK, og han høyrde Hans Heiberg helse på utsøkt nynorsk frå Den norske Forfatterforening.

«Eg var likevel meir oppteken av den staute gråherda karen som skulle halde avdukingstalen», fortalde Nerbøvik. Den gråherda heitte Halvdan Koht og var blitt 80 år gamal. «Alt eg ikkje visste den gongen, til dømes at talaren slett ikkje var nokon sigerherre, og at det var første gongen sidan 1945 at han var beden om å halde ein slik offentleg tale.» Han var oppteken av dei lange linjene og dei vide samanhengane, sa Nerbøvik og heldt fram: «Ivar Aasen var ei frukt av den store bondereisinga som fylte den norske historia i det 19. hundreåret med sine maktkrav. Han var med og samla bøndene til opprør mot dei gamle makthavarane.»

Så kom dei orda 16-åringen aldri gløymde.

– Lat duken falla! ropte Koht.

«Lat duken falla! utbraut han med ein eineståande gestus til slutt. Det er ord som sit», minst 16-åringen som sykla heim att gjennom Hovdebygda forbi Åsen og Ekset til Volda. Det var nesten på dagen 40 år før han blei leiar for den stiftinga som dreiv fram ideen om det nye Ivar Aasen-tunet, og lenge før han ein vinterdag sa det slik: «Vegen til verda går gjennom Åsen og Ekset.»

No er det ti år sidan Jostein Nerbøvik måtte gå sin veg ut or verda. Han gjorde som Ivar Aasen – tenkte ein stor tanke og gjorde tanken om til røynd. Aasen støypte sine tankar i svart bly på papir. Med uslitande hjelp frå mange fekk Nerbøvik støypt sine tankar i kvit betong langs vegen til verda.

Begge delar måtte til for at vi på ny kan samlast til Dei nynorske festspela og feire makta i språket. Blomane er det Ivar Aasen som får, men i år deler han dei med ein annan myndig møring.